LINDÅS KOMMUNE
Teknisk drift

Olav Johannes Døskeland
Fagervollen 31
5956 HUNDVIN

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Linda Folkestad	13.07.2018
Vår: 14/2348 - 18/22753	Linda.Folkestad@lindas.kommune.no	

Vedkomande asfaltering av kommunalt grøfteareal ved gbnr 56/122 Fagervollen

Teknisk drift har registrert at kommunal veggrøft er blitt asfaltert igjen under arbeid med asfaltering av private avkjørsler i Fagervollen. Asfalteringa har resultert i at overvatn frå kommunal veg og private avkjørsler ikkje lenger kan ledes til grøft og ned i terreng. Overvatn vert i stedet ført nedover langs kommunal veg og inn på privat grunn.

Slik vi ser det, vil asfaltering av grøft medføre til aukt overvassproblem for både kommunen og private lenger nede langs kommunevegen. Det er spesielt ved høg nedbørsintensitet (vinterhalvåret) at store mengder overvatn vert ført inn på privat grunn. Teknisk drift har bedt om at kommunal grøft vert tilbake-ført til den stand den var før asfalteringsarbeidet tok til. Inntil grøft er tilbakefør vil Teknisk drift fråskive seg alt ansvar for skader som overvatn påfører tredjepart. Skader som vert påført tredjepart vil være felles ansvar for dei som har fått utført asfalteringa.

Teknisk drift har tidlegare fått lagt ned dreneringsrør under Dykkar avkjørelse for å løyse problem med overvatn. Dette har vist seg å fungere godt når kommunal grøft var open. Asfaltering av grøft vil medføre at meir vatn vil verte leda mot dette røret. Ved intens nedbørsaktivitet vil røret ikkje svelle unna overvatn slik at overvatn kan verte leda inn på Dykkar grunn. Kommunen tek ikkje ansvar for dette overvatnet.

Vi har også registrert at asfaltkant i avkjørsle mot kommunevegen er noko høg. Dette betyr at asfaltkanten kan verte skada under brøyting av veg. Kommunen tek ikkje ansvar for slike brøyteskader då private avkjørsler ikkje skal leggast høgare enn vegkanten til offentleg veg.

Det er med heimel i Veglova § 57 at Teknisk drift krev tilbakeføring av kommunal veggrøft. Krav til geometrisk utforming av avkjørsle er heimla i Veglova § 43, forskrift av 1964 «om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler fra offentleg veg», samt vegnormal N100.

Med helsing

Rune Kilen	Linda Folkestad
Avdelingsleiar veg	saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Kommunal veggrøft Fagervollen

Mottakarar:

Olav Johannes Døskeland	Fagervollen 31	5956	HUNDVIN